



Bremanger kommune

JournalpostID: 18/10246
Sakshandsamar: Magnhild Myklebust
Dato: 04.11.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
107/18	Formannskapet	15.11.2018
046/18	Kommunestyret	20.12.2018

Godkjenning av planprogram til kommuneplan for Bremanger kommune 2018-2030

Vedlegg:

Planprogram kommuneplan Bremanger kommune 2017 FSK 20181115

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

Revidert framlegg til planprogram til kommuneplanen for Bremanger kommune 2018-2030 vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtaks som innstilling fra Formannskapet - 15.11.2018

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

Revidert framlegg til planprogram til kommuneplanen for Bremanger kommune 2018-2030 vert godkjent slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Formannskapet i Bremanger vedtok 22.03.2018, sak FSK-023/18, å leggje framlegg til planprogram til kommuneplanen for Bremanger kommune 2018-2030 ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet låg ute til offentleg ettersyn i perioden 06.04.2018 til 22.05.2018.

Kommunestyret 20.12.2018:

Handsaming:

KST- 046/18 Vedtak:

Revidert framlegg til planprogram til kommuneplanen for Bremanger kommune 2018-2030 vert godkjent slik det ligg føre.

Formannskapet 15.11.2018:

Handsaming:

FSK- 107/18 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere følgjande vedtak:

Revidert framlegg til planprogram til kommuneplanen for Bremanger kommune 2018-2030 vert godkjent slik det ligg føre.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Plan og bygningslova med forskrifter, rundskriv etc.

Saksopplysningar:

Kommunen har motteke 58 innspel etter varsel om planoppstart for kommuneplanen sin samfunns- og arealdel og utlegging av framlegg til planprogram. Dei fleste innspela gjeld kommuneplanen sin arealdel, og berre eit fåtal av innspela gjeld planprogrammet konkret.

Statens vegvesen, 24.04.18, er m.a. opptekne av at arealplanlegginga i kommunane skal utførast i samsvar med dei prinsippa som går fram av statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014). Dei ynskjer konsentrert utbygging/fortetting i allereie utbygde område, og viser til at kortare avstand til daglege gjemål gjer det lettare å overføre lokal biltrafikk til sykkel eller gange. Dette vil både gje trafikal gevinst og betydeleg helse- og samfunnsøkonomisk gevinst.

NVE, 11.05.18, skriv at planprogrammet bør reflektere at potensiell naturfare skal vurderast og kartfestast for alle område der utbygging er aktuelt. Dei viser til kva konsekvensutgreiing og ROS-analyse for kommuneplanen må innehalde, og listar opp aktuelt kunnskapsgrunnlag for desse vurderingane og informerer om rettleiingsmateriell frå NVE.

Bergen sjøfartsmuseum, 16.05.18, viser til at dei er mynde for kulturminne under vatn, og ber om at marine kulturminne vert inkludert i framtidig konsekvensutgreiing.

Direktoratet for mineralforvaltning, 22.05.18, viser til at det er registrert særsviktige mineralførekommstar i kommunen, og at mineralressursar bør vere tema i samfunnssdelen. Kommunen bør ha ein strategi for forvaltning/utvikling av mineralressursane og korleis ein kan auke kunnskap/kompetanse i/rundt næringa. Dei viser til at mineralressursar skal vere eige utgreiingstema, jf. KU-forskrifta.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, 22.05.18, skriv at utviklingstrekk og utfordringar knytt til dei prioriterte fokusområda /tema som skal arbeidast med i samfunnssdelen og arealdelen bør omtala i planprogrammet. Dei meiner også at planprogrammet bør vise tydelegare kopling mellom ulike tema for utgreiing og det kunnskapsgrunnlaget ein allereie har. Resultat frå

folkehelsedokumentet burde vore omtala i planprogrammet, og det bør gå betre fram korleis denne kunnskapen skal brukast i kommuneplanarbeidet. Fylkeskommunen meiner kommunen bør tydeleggjere i planprogrammet kva føremål/utvikling revisjonen skal legge til rette for og t.d. utelukke hyttebygging som tema for revisjonen av arealplanen. Dei rår til at evt. folkemøte, arbeidsverkstad med barn og unge og eigne møte med aktuelle aktørar vert lagt inn i planprogrammet for å gjere medverkinga til planarbeidet meir føreseieleg og konkret for enkelte grupper. Fylkeskommunen viser til at Regional plan for klimaomstilling, Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, i tillegg til Regional strategisk plan for kysten bør implementerast i planarbeidet. Vassmiljø bør vere tema i samfunnssdelen, med generell strategi og mål i tråd med vassforskrifta og vassforvaltningsplanen. Vassmiljø er også relevant tema for KU som bør leggjast til punkt 8.2.1 i planprogrammet. Dei har elles merknader vedk. klima, kulturminne, bustadsosiale omsyn og spreiddre avløp. Fylkeskommunen kan bidra med informasjon, analyser etc., og dei viser eksempel frå andre kommunar. Dei oppmodar også kommunen om å bruke regionalt planforum under utarbeiding av planen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 22.05.18, påpeikar at det er viktig at samfunnssdelen legg tydelege og konkrete føringar for arealdelen, og at kommunen bør bruke planprogrammet til å definere/avgrense innhaldet i revisjonen av arealdelen med omsyn til kva byggjeformål og utvikling det skal leggjast til rette for. Fylkesmannen meiner at det bør spesifiserast i planprogrammet kva grupper ein vil hente innspel frå, kvar i prosessen dei skal involverast og korleis kommunen skal sikre involvering av barn og unge. Alternative utviklingsretningar bør drøftast i samfunnssdelen, t.d. geografisk utbyggingsretning, folkehelse og omsynet til born og unge. Resultat frå folkehelseoversiktssdokumentet kunne etter Fylkesmannen sitt syn vore grundigare omtala i planprogrammet, og dei påpeikar at tiltak for utjamning av sosial ulikskap i helse og bustadsosiale omsyn bør vektleggast i kommuneplanen. Dei meiner også at kommunen bør nytte samfunnssdelen til å forankre overordna mål og strategiar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Tema for konsekvensutgreiing (kap. 8.2.1) bør supplerast med fleire tema, som klimaendringar, ureina grunn, støy etc. og metode for konsekvensutgreiing må gå fram av planprogrammet. Fylkesmannen oppmodar om å bruke regionalt planforum for å drøfte framlegg til plan.

Fiskeridirektoratet, 24.05.18, er positive til planprogrammet, og nemner at naturmangfold i sjø og fiskeri er aktuelle tema for konsekvensutgreiing. Dei ber om at kommunen legg til rette for at fiske kan foregå utan at annan arealbruk kjem til hinder for dette, og at det vert sett av tilstrekkeleg areal til eksisterande akvakulturanlegg og nye lokalitetar t.d. for oppdrett av nye artar. Fiskeridirektoratet får oppdatert kystnære fiskeridata i sjøområda til kommunen i haust, og dei ber om at kommunen avventar kartfesting av viktige fiskeriinteresser til desse er klare. Dei oppmodar kommunen om å legge til rette for medverknad frå fiskeri-/akkvakulturnæreringa i heile planprosessen, og at arealbruk i sjøområda vert teke opp som tema i regionalt planforum.

Bremanger næringsråd, 06.06.18, meiner planprogrammet gjev eit godt utgangspunkt for kommuneplanarbeidet. Dei påpeikar at «Strategisk næringsplan for Bremanger kommune» bør leggjast til grunn, og at satsing/tiltak retta mot folkevekst, netto tilflytting av familiar med born, samanhengen mellom offentlege arbeidsplassar, privat næringsliv og høvet til pendling nord/sør bør vise att i planen.

Botnane og Bårebrot grendalag, 21.05.18, meiner at kommunedelplan for Botnane må reviderast i ny plan. Dei peikar m.a. på at kommunedelplanen vart vedteken før skredfarekartlegginga til NVE vart utført i 2017, og at reell skredfare er mindre enn det som låg til grunn i planen, og at ein del tiltak kan vurderast annleis no enn i 2014.

Det er elles komme innspel til planarbeidet både frå bygdemøte og grendalag i Kalvåg, Bremangerbygda, Ålfoten og Svelgen-området. Innspela går i hovudsak på tiltak for å få fleire innbyggjarar i arbeidsfør alder til å busetje seg i kommunen, som t.d. betre infrastruktur (Kystveg, breiband-/mobildekning), tilrettelegging for pendling, bustadbygging, gjennomgangsbustadar og næringsareal. Både bygdemøte/grendelag i Kalvåg,

Bremangerbygd og Ålfoten ynskjer å oppretthalde desentralisert skule og oppvekststruktur, med kvalitet og kompetanse, desentrale tilbod innan helse/kultur og god lokal beredskap.

Innspel som gjeld samfunnssdelen eller arealdelen direkte er ikkje omtala nærmare, men vil bli vurdert ved utarbeiding av samfunnssdelen og arealdelen og kommentert ved handsaming av planframlegga.

Vurdering:

Det er gjort endringar i framlegget til planprogram for å gjere dette tydelegare og meir tenleg, og for å imøtekomme dei innkomne merknadane. I kapittel 8.1 er kommunen sine hovudutfordringar nærmare omtala, slik at grunnlaget for dei hovudtemaa som er valde går tydeleg fram. Det er peika på kva tiltak som er mest sentrale for at kommunen skal vere ein attraktiv stad å bu, bli meir attraktive for verksemder og som besøkskommune.

Det er i merknad frå Fylkesmannen og fylkeskommunen påpeika at revisjon av arealdelen bør avgrensast til kun å omfatte bustadbygging og næringsutvikling. I revidert planprogram er det tydeleggjort at hyttebygging og etablering av overnatningsstader er viktig for å gjere kommunen attraktiv som besøkskommune, og at besøkande/hyttefolk er med på å skape betre grunnlag for opplevingar og kulturelle aktivitetar som også aukar trivselen for eigne innbyggjarar. Ein ser det difor som naturleg og viktig å vurdere innspel om hyttefelt, hyttetomtar og areal til turisme i kommuneplanarbeidet.

Sentrale tema for arbeidet med arealdelen, kap. 8.2, er supplert med kulturminne, -miljø og -landskap, vassmiljø og mineralressursar etter innspel frå dei aktuelle fagmynda. Aktuelle tema for konsekvensutgreiing i kap. 8.2.1 er supplert i samsvar med retteleiaren «Konsekvensutredninger – kommuneplanens arealdel» frå Miljødirektoratet. Det er også laga ei oversikt over kva kunnskapsgrunnlag ein har innanfor dei ulike tema, og korleis kunnskapsgrunnlaget skal brukast i arealdelen til kommuneplanen. Som metodikk for konsekvensutgreiinga tek ein utgangspunkt i same retteleiaren.

Revisjon av arealdelen av kommuneplanen er ein svært omfattande prosess, og ein har i tillegg til revisjon av den generelle arealdelen frå 2004 også tenkt å innlemme Bremangerbygd (KDP frå 2007) og Svelgen, som ikkje har hatt overordna arealplan tidlegare. Ein finn difor ikkje å kunne utvide revisjonen ytterlegare til også å omfatte kommunedelplanar som er utarbeidd etter gjeldande plan- og bygningslov, som t.d Botnane og Rugsund/Leirgulen.

Gjennom oppdatert versjon av planprogrammet meiner ein å ha teke høgde for dei mest vesentlege merknadane/innspela til planprogrammet, utan at planprogrammet er gjort for omfattande. Ein rår difor til å godkjenne revidert utgåve av planprogrammet slik det ligg føre.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Planprogrammet legg føringar for planarbeidet som skal gjennomførast både i høve medverknad og behov for utgreiingar. Det er i utgangspunktet lagt opp til å nytte eksisterande kunnskap, og det er ikkje planlagt nye utgreiingar. Det vil vere noko kostnader knytt til folkemøte etc. Nordplan er engasjert for utarbeiding av arealdelen, til ein fastpris på kr 748 000 eks. mva. I tillegg kjem eige arbeid.

